

## INFORMASJON TIL LATINAMERIKAKONFERANSEN

RAPPORT TIL SØR-AMERIKA KONFERANSEN FRA PASO CADENA

Frå: Lærebokprosjektet "Kuantane" Nr. 0083, Paraguay  
Inger Johanne og Inge Bjørnevoll.

Prosjektet kom i gang då Inger Johanne og Inge Bjørnevoll kom tilbake i august 1996. Prosjektet har som mål å samla kulturelt stoff frå Avá-Guarani eller Chiripá stammen. Stoffet skal brukas i hefte eller bøker til skulane deira. Stammen utgjer 7-8000 menneskje i Paraguay. Like mange eller kanskje fleire bur over i Brasil.

Det var samla inn ein del stoff i samband med arbeide i Paso Cadena, og dette vert no bearbeid for å verta utgjeve. Ein heil del nytt stoff er teke opp på band, og er under nedskriving. Først for hand av indianarane som gjer opptaka. Me skriv det så på data for retting (skrivefeil). Med har til no avtale med skulen i Paso Cadena at borna der skal laga illustrasjonar til dei opptaka som er gjort der i området.

Utenom prosjektet er me med i det åndelege og praktiske misjonsarbeidet. Kyrkjelyden i Villarica ligg 42 Km frå staden der me bur. Han vart grunnlagt av Iversens og har nasjonal pastor. Det vært truleg der me vil vera mest med i arbeidet. Inger Johanne er spesielt invitert til å ta seg av søndagsskulearbeidet. Menigheten har stor prosent born. Søndagsskulelærarane er nye og unge. Ei stor utfordring og bønn er også å nå inn til områda i fylkja Guaria og Caazapa der det er få truande og delvis sterk motstand.

Me heldt på å dra i gang att eit evangeliseringscenter her me bur og vil ha sal av biblar (i samarbeid med Bibelselskapet), evangeliseringsmateriell og bibelbrevskule. Brevskulen har lege nede i mange år, men vert nå teke opp at. Nokre av dei som fekk opplæring, og kom i gang med radioprogram ved hjelp av IBRA, ser trong for å kunne tilby lyttarane denne tenesta. Tidlegare låg talet på studentar på 30 - 40, spreidd over heile landet. Det er derfor spennande å sjå korleis tilbodet vil verta motteke.

Ein organisasjon som arbeider med studentar på det nasjonale universitetet i Asuncion, har vist interesse for å bruke heimen vår til base for eit arbeid dei vil starte opp på den avdelinga av universitetet som ligg her i byen (eit kvartal frå huset vårt). Det er vår bøn at Gud må få bruke både oss, arbeidet vårt og huset me leiger til å fremje sin vilje....  
Be med oss om det !

### GUDS FRED !

Sender dette og nyttar høvet til å ynskja Guds signing over førebuinga. Må denne konferansen verta spesielt velsigna og verta til fornying og inspirasjon for arbeidet både ute og heime.

Inger Johanne og Inge Bjørnevoll.